

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo

Fiskeri og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 Oslo

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET	
AVD./SEM.: PLS	S. BEH.:
22. APR. 2008	
S. NR.: 08 173-82	
ARKIVKODE: 412.3	AVSKREVET:

Dykkar referanse:

Vår referanse:

Ål, 22. april 2008

## Nasjonal transportplan 2010 – 2019, høyringsuttale Forum Nye Bergensbanen

Forum Nye Bergensbanen (FNB) vart oppretta 13. mai 1993. Medlemmer er 13 kommunar langs banen mellom Oslo og Bergen saman med fylkeskommunane Hordaland, Buskerud og Akershus. FNB har som formål å arbeide for nasjonal satsing på jernbane, arbeide aktivt for å vidareutvikle Bergensbanen og for å få realisert Ringeriksbanen som vart vedteke på Stortinget 18. juni 1992.

Høyringsuttala er gjeve etter møte i arbeidsutvalet for forumet den 22. april. Noko av grunnlaget kjem fram i tidlegare utarbeidde hefte;

- *NYE VOSSEBANEN – modernisering og revitalisering av Vossebanen fram mot 2019* (laga av Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Voss kommune, Vaksdal kommune Jernbaneverket, NSB og Flåm Utvikling)
- *NYE BERGENSBANEN, ein bane for framtida.* (laga av FNB)

### GENERELT

FNB støttar transportetatane sitt forslag om å styrke vedlikehaldet av eksisterande infrastruktur. Denne prioriteringa synleggjer også at ei utviding av ramma med berre 20% langt frå er tilstrekkeleg for å løyse landet sine transportbehov.

**FNB meiner at dersom Noreg i dei neste tiåra skal framstå som eit moderne samfunn med eit konkurransedyktig næringsliv og framleis med desentralisert busetjing, så må ramma til NTP aukast vesentleg.**

**Forumet meiner at ei auke på 50 -60% ut over foreslått ramme er nødvendig for å nå nasjonale målsetjingar.**

**FNB ber om at det blir etablert nye finansieringsformer for store prosjekt som vil gå over fleire budsjettår, slik at det blir løyvd pengar til heile prosjekt for å kunne få effektiv framdrift av prosjekta.**

## **BERGENSBANEN**

Bergensbanen har mange funksjonar; - den er ei nasjonal transportåre som i tillegg har viktige både regionale og lokale verknader:

- nasjonal transportåre som bind saman Noregs to største byar
- nasjonal transportåre som bind saman austland og vestland
- hovudtransportåra for gods mellom Oslo og Bergen
- lokalbane (Bergen - Arna - Voss – Myrdal)
- turistbane med mogleg overgang til Flåmsbanen
- banen bind saman regionane som ligg mellom med dei store byane og byområda både aust og vest, og den er eit viktig bidrag for verdiskaping for mane regionar og område langs banen.

**FNB meiner at tida no endeleg er moden for å ta eit lyft for Bergensbanen, og at det ved denne NTP-handsaminga blir lagt ein strategi for trinnvis opprusting og modernisering av heile Bergensbanen slik at den blir ein effektiv bane med vesentleg reduksjon i reisetida.**

**Forumet støttar forslaget til utbyggingsrekkefylgje med Bergen - Fløen, nytt kryssingsspor på Arna stasjon og dobbeltspor gjennom Ulriken som fyrste prioritet, og med utvida ramme må alle koma i fyrste del av planperioden. Desse tre er naboprojekt som heng i kvarandre og det bør vera rasjonelt å sjå på som eitt prosjekt.**

## **Godstogbanen**

**FNB ser det som særst viktig at tiltak for å auke kapasiteten for godstransport på Bergensbanen mellom Arna med at bygging av nye kryssingsspor blir gjennomført i fyrste del av perioden.**

Målet i forslaget til NTP om dobling av kapasiteten innan 2020 er svært bra og kan med fordel forserast. Dette vil redusere slitasje og dermed vedlikehaldskostnadene på vegnettet.

Auka kapasitet og rask framføring av gods på Bergensbanen er eit godt miljøtiltak, og det er og eit svært viktig trafikktryggleikstiltak for vegtrafikken. Flytting av gods frå veg til Bergensbanen vil vera eit trafikktryggleikstiltak for alle vegane mellom aust og vest.

## **Ringeriksbanen**

Ringeriksbanen vart vedteke på Stortinget 18.juni 1992 og blir det viktigaste enkeltprosjektet for å fornye Bergensbanen. Utan bygging av Ringeriksbanen vil Bergensbanen etter kvart miste sin betydning som nasjonal transportåre mellom aust og vest og svekke moglegheitene for utvikling og næringsverksemd i dei mellomliggande regionane.

FNB ser på Ringeriksbanen som eit avgjerande prosjekt for å modernisere Bergensbanen. Ringeriksbanen vil og kunne inngå i ein framtidig trase for høgfartsbane. Realisering av Ringeriksbanen vil vera det fyrste skrittet for å utvikle Bergensbanen som eit reelt alternativ for persontransport mellom Oslo og Bergen.

Ringeriksbanen vil åleine gje vesentleg reduksjon av reisetida mellom Oslo og Hønefoss og alle destinasjonar vest for Hønefoss.

Ringeriksbanen vil også vera svært viktig for vidare nasjonal, regional og lokal verdiskaping, og den vil vera viktig for framtidig utvikling av hovudstadsområde ved at dagens intercitytriangel vil få ei ny grein.

**FNB krev at Ringeriksbanen blir prioritert i dette NTP-vedtaket og at den blir ferdigstilt i løpet av planperioden.**

### **HØGFARTSUTGREIINGANE**

FNB ser det som svært viktig at Stortinget ved denne NTP-handsaminga legg ein strategi for korleis moderne persontransport på jernbane skal gå føre seg i framtida. Skal Noreg ha eit høgfartsnett etter europeisk standard, eller skal me berre ha eit jernbanenett med vesentleg høgare gjennomsnittsfart enn i dag?

**FNB vil presisere at nye høgfartsututgreiingar og vurderingar ikkje må forsinke realisering av den vedtekte Ringeriksbanen.**

**FNB støttar tanken om ei etappevis utbygging av Bergensbanen, og ser på dette som det mest realistiske prosjektet for høgfartsbane mellom Oslo og Bergen. Dette vil også sikre eit robust og fleksibelt driftsopplegg. Ringeriksbanen vil vera den fyrste delen av høgfartsbanen mellom dei to største byane i Noreg.**

Bergensbanen feirar 100 år i 2009! Den var den gong svært framtidsretta og Kong Håkon uttala ved opninga at det var "vårt slektsledd storverk"!

Ved handsaming av NTP i 2009 vil det i historisk perspektiv vera eit samantreff at strategien for dei neste 100 åra blir lagt akkurat i jubileumsåret!

Beste helsing  
Forum Nye Bergensbanen

Torleif Dalseide  
Leiar i arbeidsutvalet  
(sign)



Jan-Halvard Brekko  
Prosjektleder

Kopi:  
Sekretariatet for Nasjonal Transportplan 2010-2019  
Statens vegvesen Vegdirektoratet  
Postboks 8142 Dep  
0032 Oslo